



Sakshandsamar: Grete Hamre
Telefon: 57 64 31 41
E-post grete.hamre@fylkesmannen.no

Vår dato
15.06.2015

Vår referanse
2008/541
Rapportnummer
2015.030.I.FMSF

Slakteriet Brekke AS
Sognefjordvegen 47
5961 Brekke

Tilsyn ved Slakteriet Brekke AS

Rapporten omfattar funn som kontrollørane kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalte som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter eller *merknader* om forbetningspunkt. Rapporten omtalar også stadfesting av kontrollgebyr.

Tilstades under kontrollen Frå verksemda: Knut Strømsnes og Hillborg Kristensen	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Gunn Helen Henne og Grete Hamre
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input checked="" type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input checked="" type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input checked="" type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna:

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart avdekkja 2 avvik frå ureiningsregelverket, og gitt 3 merknader.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at han er motteken. Varsla kontrollgebyr for innbetaling til staten vert då sendt frå Miljødirektoratet.

Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang på ein travel dag for verksemda.

Med helsing

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Grete Hamre
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift

1. Informasjon om verksemda:

Stad (namn på anlegg): Slakteriet Brekke AS	Verksemdnr.: 973 653 514 Eigd av: 979 598 009
Kontaktperson: Knut Strømsnes	Anleggsnr. og anleggsaktivitet: 1411.0002.01
<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert	Løyvedato / internt nr.: 28.05.1999 med endring 25.04.2013 / 1999.061.T
Risikoklasse: 3	Gebysats etter § 39-6 i ureiningsforskrifta (jf. utsleppsløyvet): 12 200,-

2. Om kontroll frå ureiningstilsynet

Denne kontrollen er ei oppfølging etter at verksemda fekk endra utsleppsløyve i april 2013. Han er også ei oppfølging av eigenkontrollrapporten for 2014 og inngår elles i den frekvensbaserte kontrollen av verksemda.

Kontrollen vart gjennomført i form av samtale med leiing og nøkkelpersonell, gransking av dokument og synfaring i verksemda.

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader som vart avdekka i høve til Fylkesmannen sitt forvaltningsområde innan ytre miljø. Vi vil gjere merksam på at kontrollen ikkje omfatta alle sider ved verksemda som kan ha noko å seie for det ytre miljøet. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk naudsynte tiltak.

Definisjonar

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over lovverket som gjeld ytre miljø på www.lovdatab.no, eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava er å finne på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om innkrevjing av gebyr å finne under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalte i rapporten så snart som råd. De må også gå nøye gjennom merknadene og vurdere kva tiltak som er aktuelle og naudsynte for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgivingane. Merknader kan gi grunnlag for pålegg seinare.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda kjem med tilbakemelding om at tilhøva vi peika på, er komne i orden. Vi ber difor at de innan **15. august 2015**, kjem med skriftleg tilbakemelding på kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. For tiltak som ikkje er gjennomførte innan denne datoen, må det setjast tidsfristar. Vi ber også om at verksemda gjer greie for vurderingar og eventuelle utbetringar knytte til merknadene våre.

Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak t.d. bilete, kopi av internkontrolldokument eller kopi av utfylte skjema.

4. Gebyr for kontroll med verksemd som har utsleppsløyve

Vi viser til varsel om gebyr gitt under kontrollen og vedtak om utsleppsløyve datert 18.03.2013. Verksemda er plassert i risikoklasse 3 og skal etter gjeldande sats i § 39-6 i ureiningsforskrifta, betale eit gebyr til staten på kr. 12 200,- for den gjennomførte kontrollen. Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

5. Offentlegheit i forvaltninga

Rapporten vil vere tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

6. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 Verksemda følgjer ikkje alle vilkåra i utsleppsløyvet

Avvik frå: *Utsleppsløyvet datert 28.05.1999 med siste endring 25.04.2013, vilkår 8 og 11*

Kommentarar:**Energistyringssystem**

Verksemda har ikkje utarbeidd energistyringssystem. Utsleppsløyvet, vilkår 8.1 krev at verksemda skal utarbeide eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein best mogleg energieffektiv produksjon i anlegget. I utsleppsløyvet var det sett frist til 01.11.2013 for etablering av eit slikt energistyringssystem. Miljødirektoratet har utarbeidd ymse kursmateriell som kan vere til hjelp ved etablering av energistyringssystem. Ein del av dette materialet er lagt ved denne rapporten.

Måleprogram

Verksemda har ikkje utarbeidd prosedyre for prøvetaking av prosessavløpsvatn, eller etablert måleprogram for å kunne ha kontroll på utsleppa sine. I utsleppsløyvet har vi i vilkår 11 sett krav om at verksemda skal gjennomføre målingar og berekningar av utslepp til vatn (vilkår 11.1) og at de skal ha eit måleprogram som skal inngå i den dokumenterte internkontrollen (vilkår 11.2). Måleprogrammet skal omtale prøvetakingspunkt, -metodar, -tider og frekvensar som gir representative prøvar og reell utsleppsmengd. Miljødirektoratet har utarbeidd ein rettleiar for utarbeiding av industrielle måleprogram (M-6/2013). Rettleiaren følgjer vedlagt denne rapporten.

Avvik 2 Verksemda har mangelfull internkontroll

Avvik frå: *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter § 5, 2. ledd, punkt 4*

Kommentarar:**Mål for ytre miljø**

Verksemda har ikkje fastsett mål for ytre miljø. Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd, punkt 4 krev at verksemda skal fastsetje dokumenterte mål for arbeidet med helse, miljø og sikkerheit. Det er viktig at de set dykk konkrete mål for ytre miljø, gjerne med delmål som de kan styre etter og evaluere med omsyn til om måla er oppnådde. Ei slik evaluering av måloppnåing skal dokumenterast.

7. Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknader under kontrollen:

Merknad 1 Verksemda har ikkje vurdert farlege kjemikal med omsyn til substitusjon

Kommentar:

Etter produktkontrolllova § 3a skal verksemda vurdere alle kjemikal, som kan føre til skade på det ytre miljøet, med omsyn til om det finst alternativ som inneber mindre risiko. Verksemda skal i så fall velje dette alternativet dersom det ikkje er til urimeleg kostnad eller ulempe. Vurdering med omsyn til substitusjon skal dokumenterast.

Merknad 2 Verksemda har manglar i høve til handtering av farleg avfall

Kommentar:

Sprayboksar vert ikkje levert som farleg avfall. Sidan sprayboksar er trykksette, skal dei klassifiserast som farleg avfall sjølv om dei er tomme. Verksemda må samle tomme sprayboksar i container med passeleg storleik og på eigna stad. Farleg avfall skal leverast minst ein gong i året dersom mengda overstig 1 kg.

Merknad 3 Beredskapsplanen har manglar

Kommentar:

I utsleppsløyvet er det sett vilkår om at verksemda skal varsle Fylkesmannen ved auka ureiningsfare og ved akutt ureining jf. vilkår 2.5 og 10.4. I verksemda sin beredskapsplan står Fylkesmannen sitt gamle sentralbordnummer. Planen må difor oppdaterast med rett nummer (57 64 30 00).

Vedlegg 1 - Dokumentunderlag for kontrollen:

1. Ureiningslova (lov 13.3.1981 om vern mot forurensninger og om avfall). Særleg viktige reglar er § 7 om plikt til å unngå ureining og tiltakspunkt dersom ureining oppstår, § 20 om tiltak ved driftsstans, § 28 om forbodet mot forsøpling, § 32 om plikt til å levere næringsavfall til godkjent mottak og kap. 6 om akutt ureining. Merk også at brot på ureiningslova er straffbart etter reglane i §§ 78 og 79.
2. Ureiningsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 931 om begrensning av forurensning)
3. Avfallsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall). Særleg viktige reglar er kap. 11 om farleg avfall.
4. Internkontrollforskrifta (forskrift 6.12.96 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter, med vekt på ytre miljø)
5. Utsleppsløyve dagsett 28.05.1999 med siste endring 25.04.2013
6. Årleg eigenkontrollrapport til Fylkesmannen via Altinn
7. Eigen internkontrolldokumentasjon ma. om:
 - Oversyn over mål
 - Oversikt over organisasjonen; ansvarstilhøve, oppgåver og myndigheit i høve til HMS.
 - Risikoanalyse
 - Handlingsplanar innan HMS
 - Avviksrapportar og eiga oppfølging
8. Nedskrivne rutinar og eiga oppfølging av desse. Vi har spesielt sett nærare på
 - Kontroll med utslepp til vatn
 - Avfallshandtering

9. Kjemikaliehandteringa

- Rutinar for handtering av kjemikal og dokumentasjon på vurderingar gjort i høve til substitusjon (av helse- og miljøfarlege kjemikal)